

DIKTER

av

Andreas O. Agdestein

Sammanställt av:

Kent O Agdestein Vatna

VÅRVON

Å ja menn er det morsamt å liva lel,
å gå å sjå at vetteren får våren fell.
Du gled deg over fuglesang og blom på vang,
og ser og undrast på so mangt all dagen lang,
sjølv lögvetonni ser de der er solglans i.

Og bondemannen ruslar till sitt åkerland,
der strår han ut den gylne såd med varleg hand,
og vonar på ein sumar god og rikt Guds lån,
den voni held han fast på gjennom kav og onn,
og då er det so morsomt å liva lel.

Kan henda gamle blakken tykkjer det vert stridt
med mas og kjas og viking både hit og dit,
men slepp han ut ur selen, skal du berre sjå
han hiver opp med enden, let salutten gå,
for ja men er det morsomt å liva lel.

Snart hiver heile ungeskrollen sko og sokk,
og meinar på at vatnet no er lunka nok,
so dei i bekkjeslupen trygt eit laug kan ta,
og sidan renna berrføtt ifrå stad til stad,
for ja men er det morsomt å liva lel.

Men gamle bestefar med knortekjepp i hand,
med tankane han er visst i eit anna land,
til Sjonarhaugen ruslar han, so smått det går,
der set han seg og hugsar på so mang ein vår,
og jamnast var det morsamt å liva lel.

HENNAR MINNE

Du bodet fekk frå herren din:
kom heim og hjå meg ver.
Då gjeld `kje lenger retten min
til deg som var meg kjær.
Eg klagar ei, for væl eg veit
at den som trygt på honom leit
den største sæla vann.

Din dag er all, di sol gjekk ned
då påske-soli rann,
ho lyser deg til himlens fred,
den beste nokon vann.
For påske-sol um vår gjev von
og lækjedom for sår og tjon,
som vetterkulden gav.

Eg takkar deg for alt du gav
i meir enn tretti år:
For kvar ei byrd' du letta av,
for kvar eit heila sår,
for morshand og for fylgje godt,
for umsut gjennom stort og smått,
til siste andedrag.

Til Rannveig Agdestein gravferd
Stord 15 april 1944
Andreas O. Agdestein

LANGENUEN

Han er for det meste, ein likande kar
frå solrenningsstundi til solauga glar;
og jamvel um natti han kan vera fin
når sjustjerna glimer og månen han skin.
Då fær han kring herdi
sitt sylvstika nattlin,
og det hev den gjerdi,
det braglar og bråskin.

So ligg han døser og rullar si båra,
men veit ikkje sjølv at han mannen kan dåra.
Og kanskje drøymmer han litegrand, fanten,
um skylleskap nær med den store Atlanten.
Dy tykkjer dei alle
som ute gjeng reikar,
at sylvspon hev falle
der småbåra leikar.

Men hende det stundom at stormbrosa gol
og skylaget skygde for måne og sol,
fyrst rugga den gamle i sesen sin tung;
men fann han fryst tonen sin, so vart ung,
då spela han upp, mann
med ramaste slåtten;
då skratta og lo han
den vitlause låtten.

Og båra trøt dansen i kvilelaust jag,
ho hev ikkje ro anten natt eller dag.
Av perlesett knipling på snjokvite skaut
det fløymer og flør yver nakken so kaut
di mere det durar
kring verslitne nesi
og baular og burar
i luren han blæs i.

Når stormrytmen hjalar med yling og as
fra høgaste fistel, til grovaste bas,
Gud hjelpe den mann som på bårerygg driv
og ikkje ser kans til å berga sitt liv,
so ikkje med gråten
den ferdi må enda,
so mannen og båten
kan heimatter venda!

Men ungdom hev drøymther, - og drøymer vel ann
um rett og um rang millom fullvaksne menn,
og rytmen frå Nuen i stilla og storm
var med og gav hugmåli farge og form.
Ei moderlig tåra,
eit "Lukka på ferdi!"
So reid han på bara
til møte med verdi.

FISKETUREN

Doven dønning og sunnanvindsgræl
farande fjord!

Set ut båten og aus han væl,
til fjords eg roro,
Seien leikar ved Ladbergs-lande,
Udna kjankar og eri vande
for suvl på bord

Soleis tala han Horsehaug-Tor
til drengen sin,
kringum han trippa i ansemd stor,
og skipa inn;
vabein og klepp og djupagnssnøre
droger og agn og alt sitt føre,
og nisteskrin.

Udna med ihug golve sopa
og skura bord,
høyrde so kallen heimatt ropa,
på dør ho for.
Kvinnfolk heng på den gryta djupe
er so de fryser på fiskesuppe
og mette stor!

Til svara Udna i ordi kaut,
på kvinnfolkvis:
Stor fiskelukka du aldri naut,
din stovegris.
Tjenker mest eg skal steika bakpå
all den fisk du i dag fær tak på
med måta hiss!

Tor han laut i androren slita
med vali hand.
Ikkje vilde den seien bita
ved Ladbergs land.
Freista både med pilk og snøre,
ikkje beine fekk han: - Tvi vøre,
nu sputta han.

Vide ikring han fer og flakkar,
friskt det gular.
Soli sig, imot kveld det lakkar,
upp han sular,
likkar smått imot heimelande,
der smett morten i tarebande,
ein spretten kar.

I Sjømedviki han tok eit hav,
ja fleirde med;
morten seg syttan um agne gav,
han kom kje te':
- Tykje anamme ganderota
ho stal agne og lekker åta,
det utyske!

Heimatt rodde so sliten ein mann
frå fiskeferd.
Udna på vorsteinen helsa han,
av harm han ler:
- Ser du møter med steikepanna,
slik ein truskap, det må eg sanna,
ein skjeldan ser!

JONSOK

Danse no dros og danse no dreng,
slåttane kling so kvate frå streng.
Sviv over vollen, lette på tå,
i kveld skal midtsumardansen gå
kring bålet på Bjørkåsreini.

Hoppe og danse, tak det på spreng
natti er kort når gjenta o dreng
kaan seg i dansen svinga og snu
på Bjørkåsvollen ved Kinnarbru,
og natti er ljøs som dagen.

Sildre no bekk og suse no å,
dure no frossar, syng fuglar små.
Kviske no vind isumarleg kveld
mildt gjennom lauv i sigrøne feld
til sumaren hyllningskvede!

Gråtmilde fjord, du stille din gråt
vogge deg no, so lint og so smått,
susle ved strandi sogone små;
det finst vel dei som vil lyda på,
i kveld det er jonsokkvelden.

Kven var vel han, som løyndvegar små
skuggered du langs strandi såg gå?
Gjenta ved naustet, kven var vel ho?
Sladre, og seg oss om det var so:
I båten du bar sat båe.

Gråskalla fjell blåaste blått
sveiper seg inn, når det lid mot nott.
Teg, og ver stille! Var det 'kje som
klagande rop frå Nordlidi kom
der framme ved Kinnarhaugen?

Nog litegrand, det gjorde du visst,
bleik under hetta rekna du sist
huldri vart sedd ved haugane der
av Hans i Snippen og August Per
og det var just jonsoknotti.

Danse no dokka, fela ho laet.
Tru 'kje at det i Kinnarhaug græt.
Sumaren er so lettføtt ein svein,
før ein det ansar gulnande grein
melder om at han er borte.

Jonsok 1946.

EIN MINNESTEIN

Denne steinen som du ser
frampå Haslebakken der,
han er diger kan du tru,
og han er 'kje greid å snu.
Haugfolk budde der innunder
den tid oldefar var gut,
og stille midnattstunder
båra feleslåttrar ut.

Der er rita mange namn
up på toppen flat og jamn,
der er bumerke og tal,
og ein hest med beitsl og sal.
Som kviskring frå ei tid som òr
og aldri atter vender
der stig frå desse teikn og ord,
som mosegrodde stend der.

Når me born på toppen stod,
såg me heilt til heidningland;
men dei vaksne berre lo
og sa det hette Valestrand.
Lenger vekk éin vismann budde,
han skru snart till østerland,
og han vesle Jokum trudde
at han heitte stortingsmann.

Mangt me såg og undrast på
uppe der frå steinen grå.
Dvergemål. kva var vel det?
Vaks der sirup i eit tre?

Kanskje månen yver Nipa
var gudfaders gulltalerk,
der han la ei orøykt pipa
etter nattverd god og sterk?

Jonsokbrudlaup heldt me der,
vesle Turid bruri er.

Halm var krunga fletta av,
dugleg me i skåli gav.

Og når geiti hans Per Skylje
remjeskreik somm aller mest,
tykte heile brudlaupsfylje
at ho messa som ein prest.

Men kvart som åri gjekk,
leiken andre former fekk;
låttemild taus og kåte dreng
tok seg helst ein dansesleng.
Når det grønskat fint i reinen
og med vika det var slutt,
ljoma fela ifrå steinen
som då oldefar var gut.

Som ein minnestein han stend
i vår gamle stille grend.
nder mosefelden grå
fedrar hev du helsing frå.
Men i dag er domen fallen,
feiselslag alt ilsleg gnell;
boreståli gneg i skallen,
snart for skoti gubben fell.

SOLSNU

I går snudde soli
og vintersolsnu er
no fra under joli
i myrker og uver.
Men det har me røynt,
korleis elles det råka,
at soli ho sveik 'kje
om vinteren bråka.

Og difor so går det
mot ljósare dagar,
mot vår og mot lauvsprett
i grønkande hagar.
Snart ser me kvart frosttroll
på røming or landet
med issvell i augo
og vråskoddeande.

Ja velkomme vere
du, stigande solflaum!
Du ljósstrålar bere,
med aukande livsstraum
til liv, som talmast
i vinteren tunge,
til jordi, vår moder,
den æveleg unge.

Og kunde på jordi
det soleis seg sem`ja,
at meir enn i ordi
hans rike vart fremja,
den mannen med hyller
ved vinternatts leite,
og konge og frelsar
og fredsfyrste heite`.

At solsnu i hjarte
alt filk kunde kjenna,
og strålane bjarte
få svartgiren brenna,
at sol under himlen
og soli i hjarte
fekk samstundes magt
imot vinteren svarte.

Då torde det henda,
at sanne vart ordi,
om fred som skal venda
attende til jordli,
og skapa den hugnad
me sårt trådde etter
i myrker og kulde
og veksande vetter.

DRØMMELAND

1.

Der hvor drømmeland sig hævet
i vår barnefantasi
lå et slot, på spir stod skrevet:
- Hver en vantro, drag forbi!
Men vi trodde, derfor gjested vi
så ofte dette slot,
og det navn stod for os skrevet
som i guld mot himmelblåt.

Siden blev det mere skjelden
at vi fandt vårt drømmeslot
når igjennemn ruten kvelden
spredte stænk av himmelblåt,
for vi trodde ikke lenger
som vi alltid gjorde før,
fantasien var ei vingen
som os bar til slottets dør.

Her går et roens tog idag
til kampene for hjemmet,
med viljens præg i ansigtsdrag
det får sin gjerning i fremmet.
Og fantasien tok man med,
den var de seil man satte.
Hvor denne fylking stener frem
står "hjemmets vel" ved ratte`.

Ja, gå du sterke troens tog,
til kampene for hjemmet,
og gjør det lyst i hver en krog
hvor lykkens vekst står hemmet.
Fagert følgeskap du har
av de svenner og de terner
som dig lyser frem på fjærden
med Gudfaders klare stjerner!

Fantasi på seilerferden
over traurighedens hav,
tro som overvandt en verden
gjennem livets mange krav,
den gjør lange mil korte
ifra nederlag til seier,
hin gir lys i nætter mørke
gjennem enene vi eier.

2.

Og når nat bag blygrå rute
kysset øiet vårt i blund,
stevnet kjekk vår lille skute
dit i drømmene en stund.
Fagert følgeskap vi hadde
av småsvenne og av terner,
som os lyste frem på ferden
med Gudfaders klare stjerner.

For vi elsker dette lander
med di tusinder av hjem,
og trods alt, tror vi ei andet
and det atter vil gå frem.
Til kamp mot tvilens ugresfrø,
som i tidens storme strødde.
Det folk aom dør, til gagns ei dør
for troen på gjenreisning dødde!

For drømmeland vi en gang fandt,
vi har et nyt for stavnen:
Det klarest står når dagslys svandt
og drømme fylder favnen.
Når igjennem ruten kvelden
drysser stænk av himmelblåt,
ser vår tanke som i fjernsyn
spir og tårn av landets slot.

Kanske netop derfor var det,
vi av fik i bytte
ofte siden hen for slottet
og de gyldne spir en hytte
for vårt kjekke lille drømmeskip
en ussel, sprukken sjekte,
og for følgeskap en vennflok,
hvis venskap ei var egte.

Den tro som gjennom kampens dag
i tvilen ei forblødde,
en fantasi hvis vingeslag
et dådensdagsverk fødde,
den spirer best i hjemmets jord,
og skal av hjemmet fredes
så lenge i et elsket hjem
for barn av mor der bedes.

Vel går som pest og sott i dag
fra hjem til hjem i landet
så mangt et troens nederlag,
hvor mang en skute strandet.
Til kampen da for troen
i eget sind og eget hjem,
for ungdomsfantasiaen
i os og våre ví dre frem!